



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

DELÅRSRAPPORT

&

REKNESKAP

2. kvartal 2011



Styret si melding

Kvartalsrapport pr. 30.06.2011

Rekneskapen for 2. kvartal 2011 er utarbeida i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane (IFRS) vedteke av EU. Rekneskapen er presentert i samsvar med IAS 32 "delårsrapportering". Indre Sogn Sparebank er godt førebudd på å avlegge rekneskapen etter IFRS. Ny rekneskapsstandard fører ikkje til realitetsendringar i underliggjande verdier i rekneskapen, men vil føra til større svingingar i resultat og eigenkapital. Det som følgje av auka bruk av verkeleg verdi. Implementeringseffekten av pensjonar er vesentleg ved at ikkje resultatførde estimatavvik er ført mot eigenkapitalen pr. 01.01.2010. I tillegg er garantiar for valutalån som tidlegare ikkje var rekneskapsført i balansen, teken inn og presentert som ein del av utlåna. Banken har vurdert bygningar, tomter og finansielle instrument til verkeleg verdi. Det er utarbeida eit notat. "Overgang til IFRS prinsipp" som syner resultat og balanseeffektar ved overgangen til IFRS som ligg som vedlegg til delårsrapporteringa 1. kvartal 2011.

Driftsresultatet før skatt

Indre Sogn Sparebank fekk eit driftsresultat før skatt på NOK 5,58 mill. pr. 30.06.2011, mot NOK 5,60 mill. pr. 30.06.2010. I 2010 inntektsførde banken NOK 2,90 mill. i 1. kvartal under posten pensjonar som ei følgje av ny pensjonsordning (AFP). I 2011 har auka rentenetto og provisjonsinntekter samt lågare tap ført til at driftsresultat før skatt siste år er tilnærma uendra. Hensynteke inntektsføringa av ny pensjonsordning i 2010, er resultat av ordinær bankdrift (driftsresultat før skatt – kursvinst/tap på verdipapir og valuta) pr. 30.06.2011 NOK 1,46 mill. betre enn pr. 30.06.2010. Driftsresultatet etter skatt gir ein eigenkapitalrentabilitet pr. 30.06.2011 på 4,40 %.

Rentenetto

Netto renteinntekter er utrekna til 1,31 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Dette er ein reduksjon på 0,04% sidan same tid i fjor. Grunna volumauka har rentenettoen auka med NOK 1,22 mill. samanlikna med 30.06.2010. Svak rentenetto skuldast auka konkurranse og pressa marginar.

Driftsinntekter

Pr. 30.06.2011 var andre ordinære driftsinntekter (andre driftsinntekter + netto provisjonsinntekter/gebyr banktenester) NOK 6,12 mill. mot NOK 5,64 mill. pr. 30.06.2010. Dette skuldast auka gebyr- og provisjonsinntekter. Utbyte og vinst/tap på handel med verdipapir og valuta aukar ordinære driftsinntekter med NOK 3,09 mill. pr. 30.06.2011. Til same tid i fjor var det eit positivt bidrag på NOK 1,70 mill.



Driftskostnader

Pr. 30.06.2011 var driftskostnadene NOK 24,21 mill. mot NOK 19,10 mill. til same tid i fjor. Auken i driftskostnader kan hovudsakleg relaterast til personalkostnader vedkomande bankdrifta. Som nemnt vart pensjonskostnadene redusert med NOK 2,90 mill. i 1. kvartal 2010. I prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital utgjør driftskostnadene 1,47 % pr. 30.06.2011 mot 1,32 % i fjor. Kostnadsprosenten pr. 30.06.2011 er 79,43 %. Styret har vedteke å gjennomføre eit inntekts- og kostnadsprogram, som skal gje resultatforbetringar på sikt.

Tap på utlån og garantiar

Banken har pr. 30.06.2011 tapsført NOK 1,08 mill. mot NOK 3,08 mill. til same tid i fjor. I løpet av 2. kvartal 2011, har banken redusert individuelle nedskrivningar med NOK 0,46 mill. Gruppenedskrivning er uendra i 2. kvartal 2011. Sum individuelle nedskrivningar utgjør 0,61% og nedskrivning av grupper utgjør 0,16 % av brutto utlån pr. 30.06.2011.

Kapitaldekning

Pr. 30.06.2011 var banken si kapitaldekning 16,71 % mot 16,87 % pr. 30.06.2010 og 16,56 % pr. 31.12.2010. Utrekningsgrunnlaget har auka frå NOK 1.726,35 mill. pr. 30.06.2010 til NOK 1.800,64 mill. pr. 30.06.2011. Banken har i 2. kvartal utsteda ein konvertibel fondsobligasjon på NOK 60,00 mill. Den nye fondsobligasjonen er godkjend som kjernekapital og er tilpassa Basel III. All ansvarlig kapital i banken er kjernekapital pr. 30.06.2011. Banken sin eigenkapital er NOK 214,6 mill og netto ansvarlig kapital er NOK 300,9 mill pr. 30.06.2011.

Avkastning på eigenkapitalbevisa

Driftsresultat pr. 30.06.2011 etter berekna skatt, vart NOK 4,67 mill. mot NOK 4,91 mill. pr. 30.06.2010. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. Difor er det heller ingen utvatningseffekt på resultatet pr. eigenkapitalbevis. Pr. 30.06.2011 utgjør avkastninga NOK 2,60 pr. eigenkapitalbevis etter skatt.

Utlån

Sidan årsskiftet har utlåna auka med NOK 67,2 mill. til NOK 2.824,12 mill. eller 2,58 %. Utlån til personkundar har auka med NOK 55,7 mill. medan utlån til næringslivet har auka med NOK 11,48 mill. I tillegg yter banken NOK 334,82 mill. i lån til banken sine personkundar via Terra Boligkreditt AS. I 2011 er det ein auke i porteføljen på NOK 24,62 mill. Veksten dei siste 12 månadane er NOK 225,00 mill. eller 8,66 % på eiga bok samt NOK 32,5 mill eller 10,73 % via Terra Boligkreditt AS

Innskot

Sidan årsskiftet har innskota i banken auka med NOK 203,3 mill. til NOK 2.049,68 mill. Innskot frå personkundar har auka med NOK 99,46 mill. medan innskot frå næringslivskundar har auka med NOK 103,84 mill. Innskota siste 12 mnd. har auka med NOK 264,52 mill. eller 14,82 %. Innskotsdekninga pr. 30.06.2011 er 72,58 %.



Forvaltningskapital

Banken sin forvaltningskapital har sidan årsskiftet auka med NOK 293,98 mill. til NOK 3.571,57 mill. pr. 30.06.2011, ein auke på 8,97 %.

Utsiktene framover

Resultatet i andre kvartal 2011 viser positiv utvikling i rentenetto og provisjonsinntekter men banken har likevel utfordringar på kostnadssida. Styret har sett i gang tiltak for å betra lønsemda. Styret har god kontroll på banken sin kreditt- og likviditetsrisiko. Uro i finansmarknaden skaper større usikkerheit om framtidig utvikling enn normalt. Med god soliditet og likviditet er banken godt budd på effektane av ein uroleg marknad. Banken har sikra seg NOK 60 mill. i ny kjernekapital gjennom konvertible fondsobligasjonar tilpassa Basel III. Kapitaldekninga er god og syner tilfredsstillande nivå sett i lys av banken sitt mål for framtidig vekst. Det vert arbeidd kontinuerleg med kvalitet og kompetanseheving blant dei tilsette.

Styret har tru på at resten av året vil utvikle seg tilfredsstillande.

Erklæring frå styret og adm. banksjef

Vi erklærer etter beste overtyding at halvårsrekneskapen for perioden 1. januar til 30. juni 2011 er utarbeidd i samsvar i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC) og at opplysningane i rekneskapen gir eit rett bilete av banken sine eigendelar, gjeld, finansielle stilling og resultat. Styret og adm. banksjef meiner òg at halvårsrapporten gir ei rett oversikt over viktige hendingar i rekneskapsperioden og kva slags verknad desse har på halvårsrekneskapen og ei vurdering av dei mest sentrale usikre forhold og risikofaktorar banken står ovanfor i neste rekneskapsperiode.

Årdalstangen den 11. august 2011.

Siri Lagmannsås
Styreleiar

Leif Åberge

Sonja-Mari H. Atterås

Janne Dokken

Harald Blaaflåt Mundal

Egon M. Moen
Adm.banksjef

**DELÅRSREKNESKAP 2. KVARTAL 2011**

						30.06.2011
RESULTAT (i 1.000 kr)	2. kv.11	2. kv.10	30.06.2011	30.06.2010	31.12.2010	forv.kap.
Renteinntekter	31.366	27.593	61.533	54.302	115.258	3,74 %
Rentekostnader	20.759	17.629	39.875	33.859	73.680	2,42 %
Netto renteinntekter	10.607	9.964	21.658	20.443	41.578	1,31 %
Utbyte	2.480	2.591	2.701	2.723	2.759	0,16 %
Provisjonsinntekter m.v.	3.427	3.301	7.430	6.954	14.359	0,45 %
Provisjonskostnader m.v.	710	736	1.456	1.495	3.115	0,09 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	242	-1.418	388	-1.023	3.409	0,02 %
Andre driftsinntekter	64	40	149	182	275	0,01 %
Netto andre driftsinntekter	5.503	3.778	9.212	7.341	17.687	0,56 %
Løn og generelle adm.kostnader	8.387	7.726	17.245	12.484	27.842	1,05 %
Avskrivningar på driftsmidler	1.052	961	1.945	1.921	3.850	0,12 %
Andre driftskostnader	1.895	1.700	5.023	4.695	8.468	0,30 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	11.334	10.387	24.213	19.100	40.160	1,47 %
Tap på utlån	45	3.042	1.080	3.081	4.394	0,07 %
Driftsresultat før skatt	4.731	313	5.577	5.603	14.711	0,34 %
Skattekostnad	670	-749	911	696	3.302	0,06 %
Resultat etter skatt	4.061	1.062	4.666	4.907	11.409	0,28 %
Utvida resultat						
Finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal	2.292	-574	2.292	-1.089	-1.081	0,14 %
Utvida resultat etter skatt	2.292	-574	2.292	-1.089	-1.081	0,14 %
Totalresultat	6.353	488	6.958	3.818	10.328	0,42 %
Basis og utvatna resultat per egenkapitalbevis	2,26	0,59	2,60	2,73	6,35	
BALANSE (i 1.000 kr)						
Kontantar og fordringar på sentralbankar			335.978	219.456	188.467	9,41 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar			121.897	75.649	32.730	3,41 %
Utlån til kundar			2.802.186	2.573.040	2.735.093	78,46 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet			196.685	233.932	199.024	5,51 %
Verdipapir tilgjengeleg for sal			69.323	65.070	66.931	1,94 %
Utsett skattefordel			3.268	1.985	3.268	0,09 %
Varige driftsmidler			41.065	37.765	42.370	1,15 %
Overtekne og andre eigendelar			1.164	17.849	9.700	0,03 %
Sum eigendelar			3.571.566	3.224.746	3.277.583	100,00 %
Gjeld og egenkapital						
Gjeld til kredittinstitusjonar			223.434	339.117	223.440	6,26 %
Innskot frå kundar			2.049.676	1.785.157	1.846.376	57,39 %
Gjeld ved utsteda verdipapir			866.384	671.408	769.465	24,26 %
Anna gjeld			78.325	97.171	94.658	2,19 %
Pensjonsforpliktingar			7.547	4.405	8.466	0,21 %
Ansvarleg lånekapital			131.603	124.188	125.383	3,68 %
Sum gjeld			3.356.969	3.021.446	3.067.788	93,99 %
Opptent egenkapital			143.202	135.045	145.358	4,01 %
Innskoten egenkapital			64.437	64.437	64.437	1,80 %
Udisponert overskot etter skatt			6.958	3.818	0	0,19 %
Sum egenkapital			214.597	203.300	209.795	6,01 %
Sum gjeld og egenkapital			3.571.566	3.224.746	3.277.583	100,00 %
Postar utanom balansen						
Garantiar			100.188	138.175	131.873	
Garanti Terra Boligkreditt AS			38.540	38.483	45.513	
Portefølje Terra Boligkreditt AS			334.824	302.376	310.204	



Eigenkapitaloppstilling pr. 30.06.2011

	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital				Annan opptent eigenkapital	Sum eigenkapital
	Eigenkapitalbevis	Overkursfond	Sparebanken sitt fond	Utjavningsfond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster		
Eigenkapital 31.12.2009 NGAAP	63.250	1.187	116.791	608	3.361			185.197
Reklassifisert utbyte frå gjeld til eigenkapital				537				537
Endring i rekneskapsprinsipp ved første gongs implementering av IFRS			-363			14.769		14.406
Opningsbalanse 01.01.2010 IFRS	63.250	1.187	116.428	1.145	3.361	14.769	0	200.140
Årets resultat			3.701	4.007	3.701			11.409
<i>Utvida resultat</i>								
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						-1.081		-1.081
Årets totalresultat 2010	0	0	3.701	4.007	3.701	-1.081	0	10.328
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2009				-537				-537
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-135			-135
Eigenkapital 31.12.2010 IFRS	63.250	1.187	120.129	4.615	6.927	13.688	0	209.795
Resultat etter skatt							4.666	4.666
<i>Utvida resultat</i>								
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						2.292		2.292
Totalresultat 30.06.2011	0	0	0	0	0	2.292	4.666	6.958
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2010				-1.771				-1.771
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Endring i innskoten eigenkapital	-31.625	31.625						0
Utbetalt frå gåvefond					-385			-385
Eigenkapital 30.06.2011 IFRS	31.625	32.812	120.129	2.844	6.542	15.980	4.666	214.597



Kontantstrømanalyse

	2. kvartal 2011	2. kvartal 2010	2010
Kontantstrømar frå operasjonelle aktivitetar			
Resultat før skattekostnad	7.869	4.514	13.630
Betalt skatt i perioden	-317	-175	-347
Ordinære avskrivningar	1.945	1.921	3.850
Nedskrivning/reversering langsiktige verdipapir (utvida resultat)	-2.292	1.089	1.081
Endring pensjonar	-919	-4.121	-60
Endring utlån kredittinstitusjonar med avtalt løpetid	2.250	0	-1.860
Endring utlån	-67.093	-62.250	-224.303
Endring gjeld til kredittinstitusjonar	-6	2.151	-113.526
Endring innskot frå kundar	203.300	98.418	159.637
Endringer kortsiktige verdipapir	2.339	-36.511	-1.603
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-9.368	10.405	15.076
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	137.708	15.441	-148.425
Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar			
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidlar	-640	-1.125	-7.612
Innbetalinger ved sal av langsiktige verdipapir (investeringsportefølje)	0	1.661	0
Utbetalinger ved kjøp av langsiktige verdipapir (investeringsportefølje)	-100	-6.301	-6.301
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-740	-5.765	-13.913
Kontantstrømar frå finansieringsaktivitetar			
Innbetalinger ved opptak av obligasjonsinnlån	232.116	189.300	323.651
Utbetalinger ved nedbetaling av obligasjonsinnlån	-128.000	-302.000	-340.000
Tilbakebetalingar av eigenkapital	-1.771	-537	-537
Utbetalinger til gáver	-385	-30	-135
Netto kontantstrømar frå finansieringsaktivitetar	101.960	-113.267	-17.021
Netto kontantstrøm for perioden	238.928	-103.591	-179.359
Kontantar og kontantekvivalentar ved byrjinga av perioden	217.087	396.446	396.446
Kontantar og kontantekvivalentar ved slutten av perioden	456.015	292.855	217.087
Denne er sett saman av:			
Bankinnskot m.v. utan avtalt løpetid	456.015	292.855	217.087



Notar

1 Generell informasjon

Indre Sogn Sparebank er ein ekte lokalbank med kunden i sentrum. Banken er sjølvstendig og tilbyr banktenester, forsikring og verdipapirhandel. Banken tilbyr primært banktenestene sine til person- og næringslivskundar i Indre Sogn men har òg avdeling i Bergen og har elles kundar ut over kommunegrensene. Indre Sogn Sparebank er notert på Oslo Børs med eigenkapitalbevis.

Rekneskapet gjeld for perioden 01.01.2011 til 30.06.2011. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane.

Rekneskapet 2. kvartal 2011 vart vedteke av styret 11. august 2011.

2 Vilkår for utarbeiding av rekneskap for 2. kvartal 2011

Rekneskapet til Indre Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastset av EU.

Delårsrapporten er ikkje revidert.

For ytterlegare informasjon, sjå prinsippendringsnotat og prinsipp vist i delårsrapporteringa for 1. kvartal 2011 jf. note 3 og 4.

3 Rekneskapsprinsipp

Dei same rekneskapsprinsippa og berekningane som vart nytta i delårsrekneskapen for 1. kvartal 2011, er nytta i delårsrekneskapen for 2. kvartal 2011 med mindre anna kjem fram av notane nedanfor.

4 Informasjon om prinsippending

For informasjon om prinsippending, sjå delårsrapporteringa for 1. kvartal 2011.



5 Transaksjonar med nærstående

i 1.000 kr

Tillitsvalde/leing	Utlån pr. Innskot pr.	
	30.06.11	30.06.11
Styret		
* Siri Lagmannsås, leiar	0	1.961
Leif Åberge, nestleiar	2.264	71
Sonja-Mari H. Atterås, medlem	0	41
**Harald Blaaflat Mundal, medlem	488	125
Janne Dokken, medlem	1.394	7
Sum styret	4.146	2.205
Leiande tilsette/leiargruppa i banken		
Egon Moen, adm. banksjef	2.057	0
Karin Vikane, ass. banksjef	600	946
Anita Læg Reid, sjef næringsliv	2.440	20
Lars Grenager, sjef personmarknad	3.362	213
Sum leing	8.459	1.179
Totalsum utlån/innskot	12.605	3.384

*Styreleiar i 2011, Siri H. Lagmannsås er dagleg leiar for Økonomiservice AS, som pr. 30.06.2011 hadde samla innskot på NOK 1,810 mill. som står oppført på ho.

**Styremedlem i 2011, Harald Blaaflat Mundal er dagleg leiar for Lite Nytt AS, som pr. 30.06.2011 hadde samla utlån på NOK 0,066 mill. som står oppført på han.

6 Hending etter balansedag

Det har ikkje forekomme hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggssopplysningar i, rekneskapet eller i notar til rekneskapet.



7 Segmentinformasjon

Utlånsfordeling

i 1.000 kr

	30.06.2011	30.06.2010	2010 +/-
Lønstakarar	2.193.553	2.000.164	55.779
Jordbruk, skogbruk fiske, fiske	42.997	44.407	-2.532
Industri	23.721	37.107	-13.066
Bygg og anlegg	73.315	128.792	1.565
Handel, hotell, transport, tenester	205.423	168.104	55.654
Finansiering, eigedomsdrift	262.466	202.706	-14.974
Offentleg forvaltning og andre	22.645	17.840	-15.165
Sum utlån før nedskrivningar	2.824.120	2.599.120	67.261
Individuelle nedskrivningar	-17.334	-21.080	-868
Gruppevise nedskrivningar	-4.600	-5.000	700
Sum utlån til kundar	2.802.186	2.573.040	67.093

Innskotsfordeling

	30.06.2011	30.06.2010	2010 +/-
Lønstakarar	1.263.143	1.174.151	99.460
Jordbruk, skogbruk fiske, fiske	47.031	44.338	7.489
Industri	38.480	34.660	18.366
Bygg og anlegg	45.306	62.416	-15.265
Handel, hotell, transport, tenester	65.713	126.261	21.397
Finansiering, eigedomsdrift	351.199	196.729	121.475
Offentleg forvaltning og andre	238.804	146.602	-49.622
Sum innskot	2.049.676	1.785.157	203.300



8 Misleghald og tap på utlån

a) Brutto- og netto misleghaldne engasjement

i 1.000 kr

	30.06.2011	30.06.2010	31.12.2010
Misleghald over 90 dagar			
Misleghald næringslivskundar	18.389	17.263	5.082
Misleghald personkundar	29.163	9.044	18.607
= Brutto misleghaldne engasjement	47.552	26.307	23.689
- Individuelle nedskrivningar	9.684	6.665	5.360
= Netto misleghaldne engasjement	37.868	19.642	18.329
Misleghald over 30 dagar			
Misleghald næringslivskundar	29.356	34.051	8.462
Misleghald personkundar	30.760	16.529	37.339
= Brutto misleghaldne engasjement	60.116	50.580	45.801
- Individuelle nedskrivningar	9.984	6.865	5.560
= Netto misleghaldne engasjement	50.132	43.715	40.241
Tapsutsette engasjement 30 dagar			
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	15.026	52.021	32.480
- Individuelle nedskrivningar	7.450	14.215	11.105
= Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	7.576	37.806	21.375
Tapsutsette engasjement 90 dagar			
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	15.646	52.285	32.744
- Individuelle nedskrivningar	7.750	14.415	11.306
= Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	7.896	37.870	21.438
	2. kvartal	2. kvartal	
b) Kostnadsførte tap gjennom året	2011	2010	2010
Endring i individuelle nedskrivningar i året	868	4.033	-381
+/- Endring i gruppenedskrivning på utlån gjennom året	-700	-1.700	-1.400
+ Konstanterte tap gjennom året som tidlegare er individuelt nedskrivne	324	2.326	5.271
+ Konstanterte tap i perioden som tidlegare ikkje er individuelt nedskrivne	677	27	1.067
- Inngang på tidlegare års konstanterte tap	89	1.605	163
= Tapskostnader i inneverande år	1.080	3.081	4.394
Individuelle nedskrivningar på utlån og garantiar gjennom året			
+ Individuelle nedskrivningar på utlån per 01.01	16.466	17.047	17.047
- Konstaterte tap gjennom året som er individuelt nedskrivne tidlegare år	324	2.352	5.143
+ Netto auka individuelle nedskrivningar gjennom året	2.661	4.160	6.710
+ Nye individuelle nedskrivningar gjennom året	300	3.795	4.808
- Tilbakeførte individuelle nedskrivningar på utlån gjennom året	1.769	1.570	6.956
= Individuelle nedskrivningar på utlån per 30.06	17.334	21.080	16.466
Tapsavsetninger på garantiar	100	0	200
Gruppenedskrivningar på utlån m.v. gjennom året			
Gruppenedskrivningar til dekking av tap på utlån m.v. pr. 01.01	5.300	6.700	6.700
+/- Endring gruppenedskrivning gjennom året	-700	-1.700	-1.400
= Gruppenedskrivning til dekking av tap på utlån	4.600	5.000	5.300
	2. kvartal	2. kvartal	
c) Inntektsførde renter der det er føreteke nedskrivning	2011	2010	2010
Inntektsførde renter på utlån der det er føreteke nedskrivning	374	1.045	1.822



9 Engasjement med risikoklassifisering

Risikoklasse	Brutto engasjement		Individuell nedskrivning		Netto engasjement		i 1.000 kr.	
	30.06.2011	30.06.2010	30.06.2011	30.06.2010	30.06.2011	30.06.2010	%	
							30.06.2011	30.06.2010
Låg	2.909.174	2.553.646	0	0	2.909.174	2.553.646	78,8 %	79,0 %
Normal	197.476	172.117	0	0	197.476	172.117	5,4 %	5,3 %
Høg	45.714	90.630	11.026	13.408	34.689	77.221	0,9 %	2,4 %
Problemengasjement	24.114	13.831	6.269	7.624	17.845	6.207	0,5 %	0,2 %
Ikkje klassifiserte	531.103	422.218	40	48	531.064	422.170	14,4 %	13,1 %
Sum	3.707.582	3.252.442	17.334	21.080	3.690.248	3.231.362	100,0 %	100,0 %

Brutto engasjement inkluderar utlån til kundar før nedskrivning, unytta kredittrammer, garantiar og unytta garantirammer.

10 Gjeld ved utsteda verdipapir

Lånetype/ISIN	Låneoptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi			Rente- vilkår
				30.06.2011	30.06.2010	31.12.2010	
Obligasjonslån							
NO0010299308	17.01.2006	17.01.2011	38.000	0	38.225	38.156	3 mnd. NIBOR + 0,19 % 1)
NO0010403744	14.12.2007	12.12.2010	53.000	0	52.681	0	3 mnd. NIBOR + 0,45 %
NO0010451313	15.08.2008	15.08.2011	200.000	200.871	200.557	200.641	3 mnd. NIBOR + 0,95 %
NO0010462070	29.09.2008	29.03.2011	40.000	0	40.483	40.165	3 mnd. NIBOR + 2,00 %
NO0010521594	17.06.2009	15.06.2012	150.000	150.064	149.855	150.291	3 mnd. NIBOR + 1,50 %
NO0010566847	19.03.2010	19.03.2015	165.000	164.413	114.611	164.770	3 mnd. NIBOR + 1,15 % 2)
NO0010576812	09.06.2010	09.01.2012	75.000	75.507	74.996	75.181	3 mnd. NIBOR + 0,75 %
NO0010592058	19.11.2010	19.11.2014	100.000	100.347	0	100.261	3 mnd. NIBOR + 1,30 %
NO0010604887	15.03.2011	15.03.2013	100.000	100.061	0	0	3 mnd. NIBOR + 0,75 %
NO0010612419	06.06.2011	06.06.2014	75.000	75.121	0	0	3 mnd. NIBOR + 0,75 %
Sum sertifikat- og obligasjonslån				866.384	671.408	769.465	

1) Tilbakekjøp av NOK 7 mill. 22.07.2010.

2) Utsteding av ytterlegare NOK 40 mill. 24.09.2010 og NOK 10 mill. 19.11.2010.

Ansvarleg lånekapital

NO0010309537	03.05.2006	03.05.2011	50.000	0	50.182	49.988	3 mnd. NIBOR + 0,50 %
--------------	------------	------------	--------	---	--------	--------	-----------------------

Fondsobligasjonar

NO0010238264	29.09.2004	Evigvarande	40.000	39.767	40.276	40.063	3 mnd. NIBOR + 2,15 %
		Calldato 29.09.2014					
Statens Finansfond	01.12.2009	Evigvarande	33.000	34.267	33.730	35.332	Referanserente + 6 % 3)
NO0010606270	06.05.2011	Evigvarande	60.000	57.569	0	0	3 mnd. NIBOR + 5,50 % 4)
Sum ansvarleg lånekapital				131.603	124.188	125.383	

3) Referanserenta tilsvarar gjennomsnittet av dei fem siste handledagar før rentefastsetjingsdag for norsk syntetisk årleg effektiv rente på statskassvekslar med 6 månaders bindingstid som notert på Noregs Bank sine nettsider. Margin er sett til 6,0 %.

4) Lånet har ein konverteringsrett for obligasjonseigarane, som kan velja å konvertere obligasjonar til eigenkapitalbevis til kurs 100 på kvart rentebetalingspunkt fram til og med 15.03.2016. Rentevilkåra til lånet er inklusive konverteringsretten er uvesentleg forskjellige frå alternative vilkår utan konverteringsrett. Banken har difor ikkje skilt ut ein eigenkapitalandel frå lånet. Lånet tel som kjernekapital.



11 Ansvarleg kapital

i 1.000 kr

	30.06.2011	30.06.2010	31.12.2010
Kjernekapital:			
Eigenkapitalsbevis	31.625	63.250	63.250
Overkursfond	32.812	1.187	1.187
Sparebankens fond	120.129	116.790	120.094
Gåvefond	6.542	3.241	6.546
Utjamningsfond	2.844	609	2.414
Fondsobligasjonar	130.101	72.250	72.250
Frådrag	-23.096	-17.832	-13.980
Sum kjernekapital	300.957	239.495	251.761
Tilleggskapital:			
Ansvarleg lån	0	49.600	49.600
Anna tilleggskapital	0	7.470	0
Frådrag	0	-5.372	-9.969
Sum tilleggskapital	0	51.698	39.631
NETTO ANSVARLEG KAPITAL	300.957	291.193	291.392
Eksponeeringskategori:			
Statar	0	0	0
Lokal regional styresmakt	13.932	7.425	19.888
Institusjonar	44.148	35.983	39.639
Føretak	273.581	212.148	270.690
Massemarknad	19.029	44.798	18.273
Pantesikra eigedom	1.131.979	982.603	1.078.113
Forfalne engasjement	45.514	30.505	30.046
Obligasjonar med fortrinnsrett	8.500	6.990	7.477
Andelar verdipapirfond	18.477	0	17.321
Andre engasjement	170.592	306.627	187.925
Kapitalkrav frå operasjonell risiko	115.295	115.019	115.295
Frådrag	-40.413	-15.750	-25.238
SUM BEREKNINGSGRUNNLAG	1.800.635	1.726.349	1.759.429
Kapitaldekning %	16,71 %	16,87 %	16,56 %
Kjernekapitaldekning %	16,71 %	13,87 %	14,31 %



12 Dei 20 største eigenkapitalbevisegarane

Dei 20 største eigarane pr. 30.06.2011 utgjer 46,6 % av eigenkapitalbeviskapitalen.

Dei 20 største eigarane pr. 30.06.2011 utgjer 46,10 % av eigenkapitalbeviskapitalen

Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP Pensjonskasse	48.200	7,62 %	Leif Magne Thu	8.683	1,37 %
Terra utbytte VPF	46.700	7,38 %	Sparebanken Vest	8.650	1,37 %
Hilleik AS	33.816	5,35 %	Egon Mogens Moen	8.244	1,30 %
Årdal Stålinndustri Eiendom AS	23.000	3,64 %	Leiepakking AS	8.000	1,26 %
Helge Rogne	18.111	2,86 %	Luster Sparebank	7.600	1,20 %
Terra Gruppen AS	11.200	1,77 %	Aurland Sparebank	6.800	1,08 %
Erik Wahlstrøm	10.500	1,58 %	Vik Sparebank	6.650	1,05 %
Årdal Kommune	10.000	1,58 %	Berglund AS	6.000	0,95 %
Heyeren AS	10.000	1,49 %	Anton Kristiansen dets dødsbu	5.000	0,79 %
Utbyttekapital AS	9.400	1,37 %	Hugin Invest AS	5.000	0,79 %
SUM				291.554	46,10 %



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

Org.nr. 837 897 912 - telefon 57 64 85 10 - nettpost@indresognsparebank.no

Ekte lokalbank

Øvre Årdal - Årdalstangen - Lærdal - Borgund - Sogndal - Bergen